



Nesten fullsett amfi i Aktivitetshuset, men ikkje berre med uskedelingar ved dette høvet...

No føreligg det korrekte folketalet ved årsskiftet og fortel om ein tilbakegang på 5 i Uskedalen samanlikna med talet for eitt år sidan,

No er det 1042 uskedelingar medan det var 1047 1. januar 2013 og 1061 1. januar 2012. Går ein enda eitt år attende var folketalet 1028 og i eit slikt perspektiv har det altså vore ein auke.

5 av bygdene i kommunen har over 1000 innbyggjarar og Uskedalen ligg på femteplassen, berre 8 etter Rosendal. Det bur 2662 på Husnes, 1214 på Sunde (etter ein auke med 15) og 1086 på Valen. Rosendal gjekk attende med 14. ifjor. Går Uskedalen forbi Rosendal i år?

Ser ein på alderen, visar det seg at at Uskedalen har 269 under 20 år, 625 mellom 20 og 69 og 148 over 70. Totaltalet for kommunen syner nedgang for andre året på rad og nedgangen var størst i Rosendal og på Varaldsøy. Sæbøvik og Sunde hadde størst pluss.

Ser ein på nabobygdene våre, har både Bringedalsbygda og Omvikdalen pluss siste året - med 11 til 634 og 2 til 765. Men det bør peikast på at Omvikdalen hadde ein betydeleg auke året før, med 25.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen